



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2540 - 18/28433

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
19.09.2018

Oversender dispensasjonssøknad for flytekai til uttale - gbnr 219/41 Vike

Tiltak: Flytekai
Byggjestad: Gbnr: 219/41
Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av kommunal flytekai 15,7 x 2,7 m med utliggarar på eine sida og ei fri side for større båt eller rutebåt.

Planstatus

I kommuneplanen sin arealdel er arealføremålet bruk og vern av sjø, næring og trafikkføremål. Kaien og parkeringsplassen skal vera offentleg og ligg på offentleg areal (Europaveg 39).

Nabovarsel

er sendt ut. Det har ikkje komme merknader.

Privatrettslege forhold

Frå Statens vegvesen er det uttrykt vilje til å leiga ut arealet.

Dispensasjon

frå byggegrensa mot Europavegen (50 m) er det Statens vegvesen som handsamar.

Andre styresmakter

Statens vegvesen og Bergen og omland havnevesen har tidlegare uttalt seg positivt til tiltaket.



Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Dispensasjon

For å få leige til å etablere flytebrygge og biloppstillingsplass, er det søkt om dispensasjon frå

- KPA, bruk og vern av sjø
- KPA, føremål bygg og annlegg, næringsbebyggelse
- Plan- og bygningslova §1-8 byggerforbodet mot sjø

Begrunnelse for dispensasjonssøknaden: (bruk gjerne eget ark i tillegg om du trenger mer plass)

Det har i lengre tid vore behov og ønskje om ei offentleg kai i indre delar av Osterfjorden/Vikanes. Ei kai i området vil vere teneleg for båtfolket langs fjorden, og kunne gje liv til avsideliggande delar av fjorden. Kaia vil og vere ei mogleg hamn for skys-/rutebåt. Politisk signal frå Hordaland fylkeskommune tyder på at drift av båtrute i framtida kan bli overført til kommunen. Det blei i November 2017 orientert om prosjektet i formannskapet i Lindås kommune (orientering frå Ass. Rådmann). Basert på presentasjonen blei løysing om etablering av flytekai godtatt framfor ei langt dyrare permanent kai.

Ei flytekai vil gje små inngrep i naturen og strandlinja, og vere enkel og fjerne/flytte ved eit seinare høve. Kaia vil såleis ikkje stå i vegen for mulig framtidig utbygging av bygg, anlegg eller næringsverksemd i området. Det er og etablert tilsvarande privat kai i kort avstand frå planlagt tiltak.

Før tiltaket blir satt i gang, må Statens Vegvesen gi dispensasjon fra 50 meters byggegrense til vegmidte av E39. Dispensasjonssøknad er sendt. Teknisk drift og politikare har vore i kontak med SVV, og desse er positive til tiltaket. SVV ønskjer å leige ut areal langs E39 framfor å selge.

Før vi handsamar dispensasjonssøknaden, ber vi om uttale til søknaden.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - Etablering av kommunal flytekai på Vikanes - gbnr 219/41 Vike

Epost

Vedlegg 1 - kvittering for nabovarsel

Vedlegg 2 - Teikningar

Vedlegg 3 - Situasjonsplan

Vedlegg 4 - Uttalar og vedtak frå andre mynde

Vedlegg 5 - andre vedlegg

Kopi til:

Lindås kommune - teknisk drift	Kvernhusmyrane	5914	ISDALSTØ
	20		

Mottakarar:

Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Planavdelinga			